

VEDTEKTER FOR HORDALAND ARBEIDERPARTI

Vedteke på årsmøtet 2015



§ 1 F O R M Å L

Hordaland Arbeiderparti arbeider for **Arbeiderpartiet** etter dei retningslinjene som partiet har lagt fram i program, lover og vedtak.

Hordaland Arbeiderparti skal i samarbeid med sentralstyret og dei tilslutta kommunepartia leia og samordna partiet si politiske verksemd og organisasjonsarbeid i Hordaland. Hordaland Arbeiderparti har eit overordna ansvar for arbeidet i kvinnenettverket. Samarbeid med AUF er ein viktig del av Hordaland Arbeiderparti sitt arbeid

§ 2 Å R S M Ø T E T

1. Årsmøtet er det høgste politiske organet i Hordaland Arbeiderparti. Årsmøtet vert halde innan utgangen av mars kvart år.

Utsendingane til årsmøtet i fylkespartiet skal veljast på medlemsmøte eller representantskapsmøte i kommunepartia etter framlegg frå partilaga, og AUF.

Ekstraordinært årsmøte vert avholdt når representantskapet bestemmer det, eller når kommuneparti som representerer minst 2/5 deler av medlemmene krev det. Ekstraordinært fylkesårsmøte vert kunngjort seinast 8 veker før møtet finn stad. Utsendingane til det ekstraordinære årsmøtet skal vere det same (jfr godkjende fullmakter) som ved siste ordinære årsmøte.

2. Årsmøtet i Hordaland Arbeiderparti består av 125 representantar. Hordaland AUF skal ha 7 representantar av desse. AUFs delegater til årsmøte vert vald av AUFs fylkeslags årsmøte eller representantskap. Dei resterande blir fordelte kommunepartia i høve til talet på medlemmer det er betalt kontingent for året før. Alle kommunepartia har rett til minst 1 utsending på årsmøtet. For dei kommunepartia som har meir enn ein representant skal begge kjønn vera representert med 50 prosent.

3. Styret i kommunepartiet skriv ut fullmakter for utsendingane. Fullmaktene skal sendast Hordaland Arbeiderparti seinast 14 dagar før årsmøtet vert halde.

Årsmøtet skal kunngjera i pressa 12 veker før det kjem saman.

Framlegg til årsmøtet må vera fylkespartiet i hende seinast 4 veker før årsmøtet.

Forslag ein vil ha behandla på fylkesårsmøtet må vera vedteke innsendt av eit partilag, eit kommuneparti eller av eit kommunepartis årsmøte. Styret har forslagsrett til årsmøtet. AUFs fylkeslag har forslagsrett når forslaga er sendt inn av AUFs fylkeslags representantskapsmøte eller årsmøte-

Reiseutgifter for utsendingane vert fordelte etter reisefordelingsprinsippet.

4. Saklista på årsmøtet skal innehalda:

- a) Godkjenning av fullmaktene
- b) Val av møtefunksjonærar og nemnder
- c) Årsmeldingar og rekneskap
- d) Budsjett
- e) Innkomne framlegg
- f) Vedtektsfesta val

5. Årsmøtet skal velja:

- a) Styret med leiar, nestleiar, studieleiar, leiar av kvinnenettverket og 5 styremedlemmer og 3 varamedlemmer. Funksjonstida til styret er 1 år
Kontrollnemnd med 3 medlemmer og 2 varamedlemmer
- c) 2 medlemmer med kvar sin personlege varamedlem til Landsstyret. Desse skal veljast mellom styret sine medlemmer. Leiar skal vera medlem av Landsstyret. Det same skal nestleiar, under føresetnad av at begge kjønn vert representert.
- d) Nominasjonsnemnder til stortingsval og fylkestingsval.
- e) Utsendingar til Landomøtet i Arbeiderpartiet

- e) Programmnevnd til fylkestingsval.
 - f) Valnemnd
6. Styret deltek på fylkesårsmøtet med tale- og forslags rett.
- ### § 3 REPRESENTANTS KAPET
1. Representantskapet er Hordaland Arbeiderparti sitt høgste organ mellom årsmøta.
 2. Representantskapet består av fylkespartiet sitt styre, AUF og kommunepartia sine valgte representantar, valgt etter følgjande reglar:
 - a) Representantskapet består av 75 representantar. Hordaland AUF skal ha 7 representantar av desse. AUFs representantar vert vald av AUFS representantskapsmøte eller årsmøte. Dei resterande blir fordelt på kommunepartia i høve talet på medlemmer det er betalt kontingent for året før. Alle kommuneparti har rett til minst 1 utsending til representantskapet
 - b) For dei kommunepartia som har meir enn ein representant, skal begge kjønn vera representert med 50 prosent
 - c) Kommunepartia skal velja tilstrekkeleg antal varamedlemmar
 - d) Fylkestingsgruppa har møte- og talerett. Ved behandling av fylkeskommunale saker har gruppa stemmerett
 3. Styret i Hordaland Arbeiderparti møter med tale-, forslags- og stemmerett.
 4. Hordaland Arbeiderparti sine stortingsrepresentantar møter med tale og forslagsrett.
 5. Representantskapet behandler dei politiske og organisatoriske saker som styret legg fram. Kommunepartia har høve til å fremja forslag til tema for representantskapet. Representantskapet skal behandle viktige prinsipielle politiske saker som vedkjem fylkeskommunen. Når slike saker vert lagt fram for representantskapet skal fylkestingsgruppa fremje innstilling i saka. Ved slike representantskapsmøter har også fylkestingsgruppa tale- forslags- og stemmerett.
 6. Representantskapet og fylkestingsgruppa har i fellesskap ansvaret for gjennomføring av Hordaland Arbeiderparti sitt fylkesvalprogram og peiker ut representantar til fylkeskommunale utval.
 7. Representantskapet kan vedta å søke råd i viktige politiske og organisatoriske saker i form av ei rådgjevande avstemming blant partiet sine medlemmar.
 8. Representantane sine reiseutgifter vert dekt av kommunepartia.
 9. Representantskapet skal ha minst tre møter i året, og innkallinga skal sendast med minst 14 dagars varsel.

§4 S T Y R E T

1. Hordaland Arbeiderparti blir leia av eit styre på 9 styremedlemmar. Årsmøtet vel 9 medlemmar og 3 varamedlemmer. Dette er leiar, nestleiar, leiar av kvinnenettverket, studieleiar, 5 styremedlemmer og tre varamedlemmer. I tillegg deltek leiar av Hordaland AUF med fulle rettar.
2. I styret vert det danna eit arbeidsutval som skal bestå av leiar, nestleiar og studieleiar. Arbeidsutvalet står for den daglege drifta av fylkespartiet. Arbeidsutvalet avgjer alle administrative spørsmål og syter for at vedtak som er fatta i partiet sine ansvarlege organ, vert gjennomførde. Viktige politiske og organisasjonsmessige saker skal behandlast av styret. Må arbeidsutvalet ta avgjer i slike saker på grunn av tidsnød, skal saka leggjast fram for styret på første møte. Dei tilsette partisekretærane skal førebu sakene til arbeidsutvalet og styret og møter med tale- og forslagsrett.

3. Styret peikar ut eit medlem til styret i AUF i Hordaland. Vidare peikar styret ut eit styremedlem med varamedlem til å tiltre fylkestingsgruppa.
4. Styret oppnemner etter forslag frå kommunepartia ei styringsgruppe for kvinnenettverket til Hordaland Arbeiderparti.
5. Tiltredande medlemmer med møte, tale- og forslagsrett: Stortingsrepresentantar, sentralstyremedlemmer, fylkesordførarar når Arbeiderpartiet har dette vervet og gruppeleiar i fylkestingsgruppa.
AUFs fylkessekretær og Los distriktssekretær (ved medlemskap i Arbeiderpartiet).

§5 NOMINASJON TIL STORTINGSVALET

1. Sentralstyret set tidsfristane for nominasjonsprosessen til stortingsvalet.
2. Årsmøtet i Hordaland Arbeiderparti vel ei nominasjonsnemnd på 9 medlemmer.
Nemnda skal vera samansett slik:
 1 representant frå kommunepartia i Nordhordland (Masfjorden, Radøy, Osterøy, Lindås, Meland, Fedje og Austrheim)
 1 representant frå kommunepartia i Sunnhordland (Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Kvinnherad, Tysnes)
 1 representant frå kommunepartia i Midthordland (Vaksdal, Fusa, Os, Austevoll og Samnanger)
 1 representant frå kommunepartia i Hardanger/Voss (Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Jondal, Kvam, Odda, Granvin og Voss)
 1 representant frå kommunepartia i Vest (Sund, Fjell, Øygarden og Askøy)
 3 representantar frå Arbeiderpartiet i Bergen,
 1 representant frå Hordaland AUF
 Alle skal ha personlege varamedlemmer.
3. Et medlem av nominasjonskomite er å anse som inhabil når han/hun er foreslått nominert og ikke selv har erklært seg uaktuell som kandidat. Nominasjonskomiteen skal vurdere vedkommende sin habilitet når han/hun er eller har vært gift eller samboer, eller har et nært slektskap med foreslått person. I tilfeller hvor et medlem av nominasjonskomiteen blir vurdert som inhabil skal vedkommende tre ut av komiteen og varamedlem trer inn som nytt fast medlem i komiteen.
4. Innan ein fastsett tidsfrist blir alle kommuneparti og Hordaland AUF oppmoda om å fremja forslag til nominasjonsnemnda på kandidatar dei ønskjer skal bli nominerte.
5. Framlegget til valliste frå nominasjonsnemnda skal sendast partiavdelingane og kommunepartia.
6. Dette listeframlegget frå nominasjonsnemnda - med eventuelle dissensar - er offentleg. Det same er svara frå kommunepartia.
7. Nominasjonsmøtet vert gjennomført som sjølvstendig møte. Nominasjonsmøtet i Hordaland Arbeiderparti består av 125 representantar. Hordaland AUF skal ha 7 representantar av desse, etter innstilling frå AUF. Dei resterande blir fordelte kommunepartia i høve til talet på medlemmer det er betalt kontingent for året før. Alle kommunepartia har rett til minst 1 utsending til nominasjonsmøtet. For dei kommunepartia som har meir enn ein representant skal begge kjønn vera representert med 50 prosent. Leiaren i nominasjonsnemnda har talerett på nominasjonsmøtet.
8. Utsendingane til nominasjonsmøtet vert valde etter at det endelige listeframlegget frå nominasjonsnemnda er lagt fram for kommunepartia. Utsendingane vert valde av årsmøtet eller medlems/representantskapsmøte i kommunepartia. Kommunepartia og AUF i Hordaland sender inn fullmakter til fylkespartiets styre innan fastsatt frist for sine utsendingar med vararepresentantar til nominasjonsmøtet.

Reiseutgiftene for utsendingane vert fordelt etter reisefordelingsprinsippet.

9. Rådgjevande avstemming over kandidatar kan haldas etter retningsliner fastsett av fylkesstyret, før nominasjonskomiteen legg fram sitt fyrste nummererte listeforslag.

§6 PROGRAMARBEID

1. Årsmøtet i Hordaland Arbeiderparti vel ei programnemnd på 9 medlemmer året før fylkestingsvalet.
Nemnda skal vera samansett slik:
1 representant frå kommunepartia i Nordhordland (Masfjorden, Radøy, Lindås, Osterøy, Meland, Fedje og Austrheim)
1 representant frå kommunepartia i Sunnhordland (Etne, Sveio, Bømlo, Stord Fitjar, Kvinnherad, Tysnes)
1 representant frå kommunepartia i Midthordland (Vaksdal, Fusa, Os, Austevoll og Samnanger)
1 representant frå kommunepartia i Hardanger/Voss (Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Jondal, Kvam, Odda, Granvin og Voss)
1 representant frå kommunepartia i Vest (Sund, Fjell, Øygarden og Askøy)
3 representantar frå Arbeiderpartiet i Bergen,
1 representant frå AUF i Hordaland
Alle skal ha personlege varamedlemmer.
2. Representantskapet i Hordaland Arbeiderparti sett opp retningslinjene og tidsfristane for programarbeidet framfor fylkestingsvalet.

§7 NOMINASJON TIL FYLKESTINGSVALET

1. Styret i Hordaland Arbeiderparti set tidsfristane for nominasjonsprosessen til fylkestingsvalet.
2. Årsmøtet vel ei nominasjonsnemnd på 9 medlemmer med personlege varamedlemmer. Nemnda vert valt etter same retningslinjer som ved stortingsvalet (jfr. § 5.2).
3. Et medlem av nominasjonskomite er å anse som inhabil når han/hun er foreslått nominert og ikke selv har erklært seg uaktuell som kandidat. Nominasjonskomiteen skal vurdere vedkommende sin habilitet når han/hun er eller har vært gift eller samboer, eller har et nært slektskap med foreslått person. I tilfeller hvor et medlem av nominasjonskomiteen blir vurdert som inhabil skal vedkommende tre ut av komiteen og varamedlem trer inn som nytt fast medlem i komiteen.
4. Innan ein fastsett frist blir alle partiavdelingar, kommuneparti og AUF oppmoda om å fremja forslag til nominasjonsnemnda på kandidatar dei ønskjer skal bli nominerte.
5. Nominasjonsnemnda arbeider ut eit førebels forslag til liste som skal sendast alle partiavdelingane og kommunepartia til behandling. Listeforslaget skal også omfatta forslag på fylkesordførar og fylkesvaraordførar. Dette listeframleggget frå nominasjonsnemnda - med eventuelle dissensar - er offentleg.
6. Kommunepartia skal innan ein nærmare tidsfrist senda eventuelle endringsforslag til nominasjonsnemnda. Svara frå kommunepartia er offentlege.
7. Nominasjonsmøtet vert gjennomførs som eit sjølvstendig møte. Nominasjonsmøtet i Hordaland Arbeiderparti består av 125 representantar. Hordaland AUF skal ha 7 representantar av desse, etter innstilling frå AUF. Dei resterande blir fordelt kommunepartia i høve til talet på medlemmer det er betalt kontingent for året før. Alle kommunepartia har rett til minst 1 utsending til nominasjonsmøtet. For dei kommunepartia som har meir enn ein representant skal begge kjønn vera representert med 50 prosent. Leiaren i nominasjonsnemnda har talerett på nominasjonsmøtet.

8. Utsendingane til nominasjonsmøtet vert valde etter at det endelige listeframleggget frå nominasjonsnemnda er lagt fram for kommunepartia. Utsendingane til nominasjonsmøtet vert valde etter at det endelige listeframleggget frå nominasjonsnemnda er lagt fram for kommunepartia. Utsendingane vert valde av årsmøtet eller medlems/representantskapsmøte i kommunepartia. Kommunepartia og AUF i Hordaland sender inn fullmakter til fylkespartiets styre innan fastsatt frist for sine utsendingar med vararepresentantar til nominasjonsmøtet. Nominasjonsmøtet nominerer først partiet sine kandidatar til fylkesordførar og fylkesvaraordførar. Reiseutgiftene for utsendingane vert fordelte etter reisefordelingsprinsippet.
9. Rådgjevande avstemming over kandidatar kan haldas etter retningsliner fastsett av fylkesstyret, før nominasjonskomiteen legg fram sitt fyrste nummererte listeforslag.

§8 F Y L K E S T I N G S G R U P P A

1. Fylkespartiets representantskap eller styret gjer fullmakt til ein forhandlingsdelegasjon som på vegne av fylkespartiet skal forhandle fram posisjonar i forkant av fylkestinget. Fylkespartiets fylkesordførarkandidat skal vere ein del av forhandlingsdelegasjonen. Fullmakten skal gje rammer og strategi for forhandlingane. Forhandlingsdelegasjonen skal leggje fram sin innstilling som skal handsamast av representantskapsmøtet eller styret i fylkespartiet

Styret i Hordaland Arbeiderparti skal snarast råd etter eit fylkestingsval kalla inn til eit fellesmøte mellom partiet sine representantar i det nye fylkestinget og representantskapet for å konstituera fylkestingsgruppa. Fellesmøtet vert leia av leiar i fylkespartiet.

Fellesmøtet skal etter framlegg frå partistyret peika ut partiet sine kandidatar til fylkesutval, hovudutval og andre viktige styre, råd og utval. Gruppemøta avgjer dei andre vala. Fellesmøtet vel eit gruppestyre på 5 medlemmer.
2. Ein representant peikt ut frå fylkesstyret skal ha rett til å delta på møte i fylkestingsgruppa med tale-, forslags og røysterett i møta til fylkestingsgruppa. Dei andre medlemmene av fylkespartistyret kan delta med tale-, forslagsrett
3. Alle viktige saker som skal opp i fylkestinget, skal drøftast i gruppemøte. Det skal førast protokoll frå møta.
Fylkestingsgruppa skal leggja fram årsmelding for årsmøtet til Hordaland Arbeiderparti.
4. Vedtak i fylkespartiet eller i fylkestingsgruppa er bindande. Ynskjer nokon å stå fritt i forhold til slike vedtak, må fylkestingsgruppa eller fylkespartiet ta avgjerd om dette.
5. Fylkeskommunale saker skal behandlast i representantskapet når gruppestyret ber om det og når partistyret eller representantskapet bestemmer det. Partistyret, gruppestyret eller eit fleirtal av gruppemedlemmene kan be om at saker av prinsipiell karakter eller programsaker blir lagt fram for representantskapet til behandling. Gruppestyret skal i slike saker fremja innstilling til fylkespartiet.
6. Partirepresentantane i fylkesutvalet og andre fylkeskommunale utval skal danna grupper. Desse gruppene skal organiserast og arbeida etter dei same reglane som er dregne opp for fylkestingsgruppa ovanfor.
7. Partistyret skal i samarbeid med fylkestingsgruppa syta for god kontakt med partirepresentantane i fylkeskommunale styre og utval for å fremja eit godt og planmessig samarbeid.
8. Dei representantar som i fylge lova er inhabile ved handsaminga av ei sak, kan ikkje ta del i handsaminga og avstemmingar i saka i fylkestingsgruppa eller i fylkespartiet.

§9 SAMARBEIDSKOMITEEN, KVINNENETTVERK OG REGIONSUTVAL

1. Samarbeidskomiteen vert valt og har oppgåver i samsvar med eigne retningslinjer for dette utvalet.
2. Årsmøtet skal velja eit medlem i fylkespartiet sitt styre med ansvar for å lede kvinnennettverket i Hordaland Arbeiderparti. Styret i Hordaland Arbeiderparti oppnemner etter forslag frå kommunepartia ei styringsgruppe for det fylkesvise kvinnennettverket. Styringsgruppa arbeider etter retningslinjer i dei sentrale vedtekten.
3. Dei ulike regionane i Hordaland kan oppretta regionsutval som består av representantar for kommunepartia i regionen. Retningslinjer for det enkelte regionsutval som består av representantar for kommunepartia i regionen. Retningslinjer for det enkelte regionsutvalet skal godkjennast av styret i Hordaland Arbeiderparti.
4. Regionane er samansett slik:
Nordhordland: Lindås, Osterøy, Meland, Masfjorden, Fedje, Austrheim, Radøy
Sunnhordland: Sveio, Bømlo, Stord, Tysnes, Fitjar, Kvinnherad, Etne
Indre Hordaland: Voss, Kvam, Ulvik, Granvin, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal.
Vesthordland: Askøy, Fjell, Sund, Øygarden
Midthordland: Vaksdal, Samnanger, Fusa, Os, Austevoll

§10 KONTINGENTEN

Landsmøtet fastset medlemskontingenten, og sentralstyret gjer vedtak om korleis kontingensten skal krevjast inn.

§11 REVISJON

1. Rekneskapen til Hordaland Arbeiderparti blir revidert av ein statsautorisert revisor som vert tilsett av styret. Revisjonsrapporten skal leggjast fram for årsmøtet.
2. Årsmøtet vel ei kontrollnemnd på 3 medlemmer med 2 varamedlemmer. Kontrollnemnda rapporterer til årsmøtet.

§12 VEDTEKTENE

1. Vedtekene til Hordaland Arbeiderparti blir vedtekne av årsmøtet. Årsmøtet kan med alminneleg fleirtal gjera endringar i vedtekten. Vedtekene byggjer på lovene til Arbeiderpartiet og føresegnene i retningslinjene for fylkespartia og må ikkje vera i strid med dei. Vedtekene må godkjennast av sentralstyret for å vera gyldige.
2. Arbeiderpartiet overtek eignelutane til Hordaland Arbeiderparti dersom fylkespartiet vert oppløyst.

Retningslinjer mot seksuell trakassering

1. Hordaland Arbeiderparti skal vera ein organisasjon der seksuell trakassering ikkje skjer. Som organisasjon har vi eit ansvar både for å førebygge og hindre dette. Tillitsvalte i Hordaland Arbeiderparti skal ikkje utsette nokon for seksuell trakassering.
2. Tillitsvalte som blir kontakta om uønska seksuell merksemd må ta dette alvorleg.
3. Om ein tillitsvalt får kjennskap til at seksuell trakassering skjer i organisasjonen eller på arrangement i regi av Arbeiderpartiet, må den tillitsvalte ta opp dette med enten fylkesleder eller fylkessekretær.
4. Den som har vore utsett for seksuelle overgrep bør oppmodast til å melde saka. Fylkesstyret skal sikre at den som er råka har støttepersonar som kjenner partiorganisasjonen.
5. Oppfølging av slike saker må i fyrste rekke ta omsyn til dei som er utsatt for overgrep. Overgrepsofferet er den svake part.
6. Det er rettsvesenet som har ansvar for å avgjera om eventuelle saker om seksuelle overgrep er i strid med norsk lov. Dette ansvaret skal ikkje Hordaland Arbeiderparti ta.

Vedtak: Styrets innstilling enstemmig vedtatt.

Retningslinjer for reiseregninger

1. Den som reiser i oppdrag frå partystyret som tillitsvalt i Hordaland Arbeiderparti har rett på å få dekka utgifter til kollektivtransport eller kilometergodtgjering om ein nyttar eigen bil.
Kilometergodtgjering følgjer AOF sine satsar som 1.1.14 er 2,20,-
2. Reiserekningar må sendast inn seinast ein månad etter at reisa har funne stad for å bli utbetalt.